Sunnfjord Miljøverk IKS



# SORTERINGS RETTLEIAR

# TRYKK PÅ DET DU SKAL KASTE


**OPNINGSTIDER** ........ **4**

**OMBRUK**

Ombruk ........ 5

**BRENNBAR REST**

Brennbar rest ........ 6

**PAPP OG PAPIR**

Papp og papir ........ 8

**PLAST**

Hushaldningsplast ........ 9
Hardplast ........ 10
Dekk ........ 11

**GLAS**

Glas- og metallemballasje ........ 12

**ELEKTRONIKK**

Elektrisk og elektronisk avfall ........ 13
Makulering lagringsmedia ........ 14

**TRE**

Trevare ........ 15
Impregnert treverk ........ 16

**BYGG**

Gips ........ 17
Mineralull/isolasjon ........ 18
Tegl, leca og takstein ........ 19
Keramikk og porselen ........ 20
Betong med armering ........ 21
Betong utan armering ........ 22

Reine massar ... 23
Lett forureina massar ... 24
Forureina massar ... 25

**METALL**
Glas og metall ... 26
Jern og metall ... 27

**FARLEG AVFALL**
Farleg avfall ... 28
Asbest ... 29
Vindaugsruter med ftalater ... 30
Vindaugsruter med klorparafiner ... 31
Vindaugsruter med PCB ... 32
Ekspandert og ekstrudert plast XPS ... 33
Golvbelegg ... 34
Brannsløkkingsapparat ... 35
Lysstoffrøyr ... 36
Lyspærer ... 37
Blybatteri ... 38
Småbatteri ... 39
Litiumbatteri og eingongsbatteri ... 40
Nikkel og kadmiumhaldige batteri ... 41
Kvikksølvhaldige batteri ... 42
Kvikksølvhaldige komponentar ... 43

**NATUR**
Svartelista artar ... 44
Svartelista artar av jord ... 45
Park- og hageavfall ... 46

**MATAVFALL**
Matavfall ... 47

**ANDRE TYPAR AVFALL**
Fyrverkeri ... 48
Ammunisjon ... 50

**TIPS & TRIKS** ........ 51

**LEVERING AV ASBEST** ........ 53

**HJELP TIL SORTERINGA** ........ 55

**AVFALL FRÅ HUSHALD**
Plastemballasje ........ 57
Matavfall ........ 59
Glasemballasje ........ 60
Metallemballasje ........ 61
Drikkekartong ........ 62
Batteri ........ 63
Lyspærer og lysrøyr ........ 64
Hageavfall ........ 65
Trevirke ........ 66

# OPNINGSTIDER

EINESTØLEN

| | |
|---|---|
| Måndag | 09.30 - 17.00 |
| Tysdag | 10.00 - 18.00 |
| Onsdag | 08.30 - 16.00 |
| Torsdag | 08.00 - 15.00 |
| Fredag | 07.30 - 15.00 |

# OMBRUK

- Små møblar
- Verktøy
- Leikar
- Hushaldartiklar
- Bøker
- DVD, CD og LP plater
- Musikkinstrument
- Sportsutstyr, skiutstyr
- Hobbyartiklar
- Hageutstyr
- Pyntegjenstandar
- Bygningsartiklar

- Klede
- Elektrisk verktøy
- Farleg avfall, maling, sprayboksar, olje etc
- PC, mobil og alt som det har gått straum gjennom.

# BRENNBART REST

- Avfall som ikkje skal sorterast i reine fraksjonar.
- Reine og tilgrisa klede, sko og tekstilar
- Asfaltplater
- MDF-plater
- Huntonitt
- Klikklaminat
- Utslitne møblar
- Bøker med stiv perm
- Madrassar

Ikkje:

- Farleg avfall (m.a. maling, impregnert treverk, batteri, olje, gassbehaldarar, sprayboksar, sjå eiga spesifisering lenger nede)
- Elektrisk og elektronisk avfall
- Matavfall
- Gips
- Dekk
- Isolasjon/mineralull
- Flytande avfall

Lista held fram på neste side >>

# BRENNBART REST

- Hageslangar, presenningar, vedsekkar
- Tomme, tilgrisa plastkanner
- Fotoalbum
- Vindauge med karm produsert etter 1991
- Enkeltlags vindauge
- Dyne
- Tilgrisa papp og papir
- Julepapir

- Betong
- Stein
- Leca
- Gryter/panner
- Alt avfall som ikkje er brennbart
- Massar (flis, jord, stein, takstein, betong o.l.)
- Vindauge produsert mellom 1965 og 1991

# PAPP OG PAPIR

- Avis
- Datalister
- Notatpapir
- Kopipapir
- Bølgepapp
- Kartong

- Laminat og produkt som inneheld plast
- Vått papir, papp og kartong
- Papir, papp og kartong som er tilgrisa med mat
- Julepapir

# HUSHALDNINGSPLAST

- Transportfolie
- Flasker/kanner
- Krympeplast
- Strekkfilm
- Stroppeband
- Bobleplast
- Posar, foliar, beger, boksar og flaskar av plast. T.d. sjampoflaskar, ostepakkar, rømmebeger, vaskemiddelflaskar og bereposar.

- PVC og emballering som har innehalde farleg avfall
- Plast som er tilgrisa, plast med jord, flytande osv

# HARDPLAST

- Plastrøyr
- Grunnmursplater
- Plastbøtter
- Drypp tørre kanner
- Grunnmursplast
- Trøtraktor
- Hagemøblar
- Akebrett (ikkje rattkjelkar)

- Produktrestar
- Oljekanner og anna emballasje frå farleg avfall
- Leiketøy med batteri

# DEKK

- Dekk med felg

- Dekk utan felg
- Dekk skal leverast til nærmaste dekkforhandlar

# GLAS OG METALLEMBALLASJE

- Glass og metall embalasje som er nytta til mat og drikkeemballasje

- Produktrestar
- Keramikk
- Porselen
- Kjøkkenglas
- Eldfaste former

# ELEKTRISK OG ELEKTRONISK AVFALL

- Elektriske og elektroniske produkt
- Kablar og leidningar

- Alle andre typar avfall
- EE-avfall skal ikkje leverast i pose, men plasserast separat i EL-bura
- Lyspære
- Lysrøyr
- Batteri

# MAKULERING LAGRINGSMEDIA

- Harddiskar
- Mobiltelefonar
- Backup-tapar
- Minnepennar
- Diskettar

- Anna avfall

# TREVERK

- Reint og ubehandla treverk
- Pallar
- Fruktkassar
- Malt treverk
- Limtre
- Parkett
- Sponplater

- Impregnert treverk (CCA og kreosot)
- Greiner, kvistar og trestammar
- Gips
- Gjenstandar av metall, stein o.l. som kan øydeleggje utstyr
- Siporex
- Asfalterte plater

# IMPREGNERT TREVERK (CCA OG KREOSOT)

- Alle typar CCA-impregnert og Cu-impregnert treverk
- Alt kreosotimpregnert treverk
- Alt av impregnert treverk til og med 2003

- Impregnert treverk som inneheld store metallbeslag
- Avfall som ikkje er impregnert
- Alt av impregnert treverk etter 2003

# GIPS

- Rein gips
- Gips belagt med strie, tapet og maling
- Krokar, skruar, spikar o.l. kan sitte på gipsen
- Gips belagt med fliser

- Fliser belagt med gips
- Andre typar avfall
- Fiberarmert gips

# MINERALULL / ISOLASJON

AVFALL SOM SKAL TIL DEPONI

- Glasvatt og glasull (Glava o.l)
- Steinull (Rockwool, Paroc o.l)
- Mineralull

- Isolasjonsmaterial med farlege stoff
- EPS/XPS (isopor)
- Andre typar avfall

# TEGL, LECA OG TAKSTEIN

AVFALL SOM SKAL TIL DEPONI

- Tegl
- Leca
- Takstein

- Stein
- Isoblokk
- Grus
- Jord
- Betong
- Takpapp/tjærepapp

# KERAMIKK OG PORSELEN

AVFALL SOM SKAL TIL DEPONI

- Toalett
- Servantar
- Koppar
- Tallerkar
- Andre materialar av keramikk eller porselen

- Delar av metall, plast o.l

# BETONG MED ARMERING

## AVFALL SOM SKAL TIL DEPONI

- Betong med armering

- Stein
- Grus
- Jord
- Forureina betong

# BETONG UTAN ARMERING

AVFALL SOM SKAL TIL DEPONI

- Betong utan armering

- Stein
- Grus
- Jord
- Forureina betong

# REINE MASSAR

AVFALL SOM SKAL TIL DEPONI

- Rein stein
- Rein grus
- Rein jord
- Rein betong

- Lett forureina massar
- Forureina massar

# LETT FORUREINA MASSAR

## AVFALL SOM SKAL TIL DEPONI

- Lett forureina stein
- Lett forureina grus
- Lett forureina jord
- Lett forureina betong

- Forureina massar

# FORUREINA MASSAR

## AVFALL SOM SKAL TIL DEPONI

- Forureina stein
- Forureina grus
- Forureina jord
- Forureina betong
- Herda mørtel

- Mørtel som ikkje er herda
- Andre typar avfall

# GLAS OG METALL

- Emballasje av glas og metall. T.d. hermetikkboksar, glasflasker og syltetøyglas

- Produktrestar
- Keramikk
- Porselen
- Kjøkkenglas
- Eldfaste former
- Speglar

# JERN OG METALL

- Alle typar metall
- Motorar skal vere tømt for olje, drivstoff og andre flytande element

- Metallbehaldarar som inneheld noko form for flytande eller fast form. Alt skal vere tømd før det kan plasserast her
- El-avfall skal ikkje følgje med metallet

# FARLEG AVFALL

- Bremse- og frostvæske
- Byggskum
- Drivstoff- og fyringsolje
- Gassbehaldarar
- Kjemikaliar
- Maling, lim og lakk
- Oljefilter
- Reingjeringsmiddel
- Spillolje
- Sprayboksar
- Baser og syrer
- Kosmetikk
- Antibac og neglelakkfjernar

# ASBEST

- Asbest
- Takplater
- Rørisolasjon
- Ventilasjonskanalar
- Vinylflisar

- Andre typar avfall

For meir detaljert informasjon om levering av Asbest, sjå side 53 og 54, eller **trykk her**

# VINDAUGSRUTER MED FTALATER

- Vindauge produsert 1991 - 2005 kan innehalde ftalater

- Vindaugsruter med PCB (produsert 1965 - 1975)
- Vindaugsruter med klorparafin (produsert 1976 - 1990)
- Feilsortering kan medføre høge sorteringstillegg

# VINDAUGSRUTER MED KLORPARAFINER

- Vindauge produsert 1991 - 2005 kan innehalde ftalater

- Vindaugsruter med PCB (produsert 1965 - 1975)
- Vindaugsruter med klorparafin (produsert 1976 - 1990)
- Feilsortering kan medføre høge sorteringstillegg

# VINDAUGSRUTER MED PCB

- Norskproduserte vindauge 1965 - 1975
- Importerte vindauge til og med 1976

- Vindaugsruter med klorparafin (produsert 1976 - 1990)
- Vindaugsruter produsert 1991 - 2005 kan innehalde ftalater
- Feilsortering kan medføre høge sorteringstillegg

# EKSPANDERT OG EKSTRUDERT PLAST (XPS)

- Farga isopor

- Kvit isopor og andre avfallstypar

# GOLVBELEGG

- Vinylbelegg (golvbelegg) som inneheld ftalater
- Golvbelegg eldre enn 2004

- Andre typar bygningsmaterial
- Alle andre avfallstypar

# BRANNSLØKKINGSAPPARAT

- Brannslokkarar

- Propan/butan
- Oksygen
- Nitrogen
- Acetylen
- Helium
- Luft
- Spesialgassar

# LYSSTOFFRØYR

- Alle typar lyspærer og sparepærer

- Elektronisk og elektrisk avfall
- Leidningar og kablar
- Batteri
- Sikringar
- Armatur

# LYSPÆRER

- Sparepærer
- Glødepærer
- LED-pærer

- Lysstoffrøyr
- Elektronisk og elektrisk avfall
- Leidningar og kablar
- Batteri
- Sikringar
- Armatur

# BLYBATTERI

- Lekkasjefrie blybatteri (bilbatteri)
- Blybatteri med skadar eller lekkasjar

- Litiumbatteri
- Andre typar batteri

# SMÅBATTERI

- Usorterte småbatteri

- Batteri frå verktøy og liknande
- Blybatteri (bilbatteri)
- Nødbatteri
- Industribatteri
- Kadmiumhaldige batteri
- Kvikksølvhaldige batteri
- Litiumbatteri

# LITIUMBATTERI OG EINGONGSBATTERI

- Litiumbatteri for eingongsbruk (primærbatteri)

- Ladbare litiumbatteri
- Blybatteri (bilbatteri)
- Industribatteri
- Nikkel- og kadmiumhaldige batteri
- Kvikksølvhaldige batteri
- Alle andre typar batteri

# NIKKEL OG KADMIUM-HALDIGE BATTERI

- NiCd-batteri og andre batteri som inneheld kadmium eller nikkel

- Blybatteri (bilbatteri)
- Nødbatteri
- Industribatteri
- Kvikksølvhaldige batteri
- Litiumbatteri
- Andre typar batteri

# KVIKKSØLVHALDIGE BATTERI

- Kvikksølvhaldige batteri
- Knappcellebatteri med kvikksølv

- Blybatteri (bilbatteri)
- Nødbatteri
- Industribatteri
- Nikkel- og kadmiumhaldige batteri
- Litiumbatteri
- Småbatteri
- Andre typar batteri

# KVIKKSØLVHALDIGE KOMPONENTAR

- Kvikksølvhaldige batteri
- Knappcellebatteri med kvikksølv
- Temperaturmålarar
- Vippebrytarar

- Blybatteri (bilbatteri)
- Nødbatteri
- Industribatteri
- Nikkel- og kadmiumhaldige batteri
- Litiumbatteri
- Småbatteri
- Andre typar batteri

# SVARTELISTA ARTAR

- Blome/stilk skal leverast i tette plastsekkar
- Skal meldast inn i forkant av levering

- Jord
- Grus
- Stein

# SVARTELISTA ARTAR AV JORD

- Jord frå svartelista artar

- Blome / stilk skal leverast i plastsekkar

# PARK- OG HAGEAVFALL

- Plengras
- Busker
- Kvist
- Lauv
- Ugras
- Blome

- Stein
- Grus
- Jord
- Betong
- Svartelista artar
- Store røter
- Plastavfall

# MATAVFALL

- Matavfall i original emballasje frå fabrikk/produsent
- Berre emballasje som er i direkte kontakt med matvarene er tillatt
- Sekkar i behaldar for matavfall, må være spesiallaga for formålet

- All emballasje som ikkje er i direkte kontakt med matvarene, til dømes pappøskjer, plastposar, plastfolie og liknande
- All anna emballasje enn original emballasje frå fabrikk/produsent
- Anna avfall

# ANDRE TYPAR AVFALL

### FYRVERKERI
Sunnfjord Miljøverk tek imot brukt fyrverkeri på alle miljøstasjonar. Sjå neste side for nærmare innformasjon.

### DØDE DYR
Sunnfjord Miljøverk tek i mot døde dyr.

### MEDISINSK AVFALL
Sunnfjord Miljøverk tek ikkje i mot risikoavfall, dette kan leverast til nærmaste apotek.

## DETTE GJER DU MED FYRVERKERIRESTANE

Sit du igjen med fyrverkeri du ikkje rakk å tenne opp på nyttårsaftan, eller var det ein batteripakke som ikkje ville ta fyr? Her får du svar på kva du gjer med ubrukt fyrverkeri etter nyttårsaftan, og kva du gjer med fyrverkerirestane du plukkar opp etter festen.

## UBRUKT FYRVERKERI LEVERAST TILBAKE TIL FORHANDLAR

Ubrukt eller u-detonert fyrverkeri inneheld eksplosivar og kan difor utgjere ein tryggleiksrisiko. Ubrukt fyrverkeri skal leverast tilbake til forhandlaren. Mange utsalsstader av fyrverkeri kan oppfattast som midlertidige, men alle som er forhandlar av fyrverkeri skal ha kompetanse på mottak og handtering av fyrverkeriet. Dei skal kunne tilby ei forsvarleg oppbevaring og transport vidare til sikker destruksjon.

Ubrukt fyrverkeri må ikkje kastast i restavfallet heime eller takast med på gjenvinningsstasjonen. Det kan skape farlege situasjonar for våre tilsette, renovatørar og for alle som er innom stasjonen med avfall. Vi har ikkje tillating til å ta imot ubrukt fyrverkeri på gjenvinningsstasjonane.



## RESTAR ETTER BRUKT FYRVERKERI KASTAST I RESTAVFALLSBEHALDAREN

Restane etter fyrverkeriet som vart skote opp eller fyrt av på nyttårsaftan, kastast i restavfallsbehaldaren heime.

Har du større mengder fyrverkerirestar enn det du kan kaste i restavfallet heime, kan du levere dette som restavfall på gjenvinningsstasjonen. Innlevering er gratis.

Merk at det berre er brukte fyrverkerirestar som kan kastast i restavfallet heime eller på gjenvinningsstasjonen. U-detonert eller ubrukt fyrverkeri, som ikkje har vore tent opp eller som ikkje ville ta fyr, må ikkje kastast i restavfallet heime eller takast med på gjenvinningsstasjonen.



## AMMUNISJON

Eksplosivar er for eksempel ammunisjon, sprengstoff eller nødbluss. Privatpersonar som er, eller kjem i eigarskap av eksplosiv vare som skal kasserast, må varsle nærmaste politimyndigheit om dette.

**Kontakt politiet på tlf. 02800.**



**AMMUNISJON**

Kontakt **POLITIET** på tlf. 20800

# TIPS OG TRIKS

### TILSKOTSORDNING FOR SMÅ FRITIDSBÅTAR

Det finnast ein lett måte for folk til å levere frå seg kasserte fritidsbåtar, som forhåpentlegvis bidreg til ryddigare tilhøve både i hamner og på strender. Tilskotsordning på innleverte fritidsbåtar på kr. 1000 per båt vart innført av, og forvalta av Miljødirektoratet frå og med 1. oktober 2017.

Følgande reglar gjeld:

- Innbyggarar i SUM sine eigarkommunar skal levere til hovudanlegget på Einestølen i Førde.
- Kontakt beteninga på Gjenvinningsstasjonen når du kjem for å få tilvising om plassering.
- Skjema må fyllast ut på førehand og takast med for signering av Sunnfjord Miljøverk. Skjemaet er også stadfesting på at båten er levert til eit godkjent mottak.
- Kunde beheld original, Sunnfjord Miljøverk tek kopi. Du må sjølv sende inn skjemaet og få refusjon utbetalt av Miljødirektoratet i etterkant.

*Du finn meir informasjon om ordninga på nettsidene til Miljødirektoratet.*
***Vi presiserer at vårt mottak berre gjeld båtar under 15 fot.***

**ORDNINGA GJELD FOR, OG ER GRATIS FOR:**
Fritidsbåtar under 15 fot, utan motor

Kajakkar, kanoar og liknande farkostar

# Slik leverer du inn båten din



# LEVERING AV ASBEST

**Avfall som inneheld asbest er farleg avfall. Det må handterast spesielt, og kan berre leverast på Einestølen.**

**Asbest (eternit) er helsefarleg ved innanding. Det kan føre til lungekreft og sterkt nedsett lungekapasitet. Handtering og levering av asbest til Sunn-fjord Miljøverk er difor omfatta av spesielle reglar.**

## VERNEKLEDE OG STØVMASKE

Når du handterer asbest, er det viktig at du brukar verneklede og støvmaske som dekker munn og nase. Lever dette utstyret innpakka i tett pose saman med asbesten etter bruk.

Eksempel på produkt som kan innehalde asbest er:

- Eternitplater
- Isolasjonsmaterial
- Produkt med namn som Asbestolux, Pernit osv.

## LEVERING AV ASBEST

Sunnfjord Miljøverk tek i mot asbest på Einestølen i Førde. Vend deg alltid til beteninga når du skal levere dette.

**KVA SKJER MED ASBESTEN?**

Asbest er ikkje miljøfarleg når det ligg i ro. Det blir grave ned på særskilt område på deponiet. Sunnfjord Miljøverk har godkjent deponi for asbest og avfall som inneheld asbest.

Vi tek berre i mot asbest som er pakka inn i høve forskrift:

- Asbest skal pakkast inn i to lag med bygningsplast. Plasten skal gå rundt heile stabelen, også under (men utan å pakke inn pallen under).
- Alle skøytar og brettar skal vere teipa med sterk teip.
- Det skal vere tydeleg merka med «asbest», og det skal leverast på ein palle. Vi handterer asbest med hjullastar eller gaffeltruck for å sikre at våre tilsette ikkje blir utsette for asbeststøv.
- Brei over plastikken, slik at den ligg som eit tett tak på pallen.

*Riktig framgangsmåte for levering av asbest*













*Slik leverar du ikkje asbest*



*Ikkje gjer som på biletet. Her prellar ikkje regnet av, og støv kan legge seg blant plastikken.*

# HJELP TIL SORTERING

*Korleis kan du sjå korleis du skal sortere? Den raskaste måten å finne ut av dette er å sjå etter sorteringsmerke på emballasjen. Er du usikker på kva symbolet betyr, får du her ei beskriving.*

## PLASTEMBALLASJE

Merket betyr at emballasjen skal sorterast som plastemballasje. **Merk:** Om emballasjen har faremerke på, blir den behandla spesielt.

## GLASEMBALLASJE

Emballasje med dette merket blir sortert som glas- og metallemballasje.

## METALLEMBALLASJE

Emballasje med dette merket blir sortert som glas- og metallemballasje. **Merk:** Om emballasjen har faremerke på, blir den behandla spesielt.

## BØLGEPAPP OG KARTONG

Emballasje med dette merket blir sortert som papp og papir.

**Framhald på neste side >>**

# HJELP TIL SORTERINGA

### DRIKKEKARTONGAR

Drikkekartongar sorterast saman med papp og papir.
**Merk:** Du finn merket på kartongar som har innehalde mjølk, juice, sausar, hakka tomatar og liknande. Desse har eit belegg på innsida av enten plast eller aluminium.

### PAPIR

Produkt og emballasje med dette merket blir sortert som papir.

### RESTAVFALL

Produkt og emballasje med dette merket blir sortert som restavfall. Restavfallet er det som blir igjen når du har sortert ut det som er mogleg å kjeldesortere. Det som er for stort for restavfallsposen heime leverer du til din nærmaste gjenvinningsstasjon.

### MATAVFALL

Matavfall er alt avfall som kjem frå produkt du kan putte i munnen og ete.

# AVFALL FRÅ HUSHALD

### PLASTEMBALLASJE

*I innsamlingsordninga vil vi ha plastemballasje som er tom for produktrestar. Fjern produktrestane ved å skylje i kaldt vatn, til plastemballasjen er tom. Er du usikker på når emballasjen er rein nok, får du ei beskriving lengre nede på sida.*

Plastemballasje du har heime er posar, folier, beger, boksar og flasker av plast. Det kan være sjampoflasker, ostepakkar, rømmebeger, vaskemiddelflasker og bereposar.

### DET VIL VI IKKJE HA

Plastprodukt som ikkje er emballasje, som leikar, hagemøblar, bøtter, hageslange, badebasseng, kjøkenreiskapar, ved-nett og isopor. (EPS, leverer du på miljøstasjon.)

### KVA ER REIN PLASTEMBALLASJE?

Emballasjen er rein nok når den er tom for produktrestar. Det betyr at det ikkje  skal ligge igjen nokre matrestar eller andre produktrestar.

**Stort sett er emballasjen rein når den er tom.**

Av og til treng den litt hjelp. Då er det best å skylje emballasjen i kaldt vatn, eller bruke litt tørkepapir for å få ut restane. Viss du må bruke mykje vatn for å få emballasjen rein, så gjer den betre nytte i restavfall der den kan bli til lys og varme.

## KVIFOR MÅ DEN VERE REIN?

Plast er ei råvare vi samlar inn for gjenvinning for å gi materialet nytt liv. Viss emballasjen er skitten får den dårlegare kvalitet, og gjenvinning blir vanskelegare. Plastemballasje vi samlar inn i Sunnfjord blir i dag sendt til utlandet for gjenvinning. Sjølv om vi brukar miljøvennlege transportmidlar som tog og returtransport, er det ikkje bra for miljørekneskapet å frakte produktrestar i staden for plast. Ei anna viktig årsak er at det jobbar menneske i heile krinsløpet.

Når plastemballasje blir kasta i plastinnsamlinga har reisa så vidt byrja. Ditt avfall skal hentast, lossast, fraktast rundt på sorteringsanlegget og lastast for transport. Gamle matrestar gjer denne jobben utfordrande og tiltrekk seg i tillegg skadedyr.

Når du sørger for at plastemballasjen din er rein, bidreg du til lettare gjenvinning og at menneska som tek ansvar for avfallet ditt får ein betre arbeidskvardag.




## GJENVINNING

Kjeldesortert plastemballasje blir samla inn av Sunnfjord Miljøverk i eigarkommunane. Deretter går det til oppsamling og pressing før det blir frakta til store sorteringsanlegg i blant anna Nord-Tyskland.I dag er det avgrensa høve for gjenvinning av plasten i Norge, derfor fraktar vi hushaldsplasten til Europa for sortering og materialgjenvinning. Vi krev dokumentasjon frå anlegga vi sender plasten til, på kor den faktisk endar opp.

## MATAVFALL

Matavfall er alt avfall som kjem frå det du kan putte i munnen. Viss ei matvare har gått ut på dato med «best før»-stempel, betyr det ikkje nødvendigvis at den er dårlig. Er matvaren merka «siste forbruksdag» skal den ikkje etast etter utgått dato.

Før du kastar matrestar, sjekk om dei kan brukast til noko anna. Til dømes kan middagsrestar bli god lunsj, og om du har litt fløyte til overs kan det vere godt i kaffikoppen.

## SLIK GJER DU DET

Bruk sansane: Sjå, lukt og smak på maten før du eventuelt kaster den.

Å ikkje kaste mat som er etandes er bra for både lommeboka og miljøet.

**Sorter før du kastar.**
**Emballasjen sorterast for seg.**

## KVA KAN EG GJERE FOR Å KASTE MINDRE MAT?

Planlegg innkjøpa dine og bruk handleliste (Sjekk kva du har i kjøleskapet og frysaren før du handlar).

Rydd i kjøleskapet, så veit du kva du har.

Oppbevar maten din riktig. Til dømes må fisk og kjøt ha det kaldare enn grønsaker.

Bruk sansane. Du treng ikkje automatisk kaste mat sjølv om den har gått ut på dato. Sjå, lukt og smak for å sjekke.

Avkjøl maten raskt, og frys eller legg i kjøleskapet det du har til overs. Oppbevar restar i tette boksar.

Frys brød som ikkje skal etast (andre matrestar kan også frysast ned).

Ha restemiddag ein dag i veka. Bruk opp restar frå andre middagar og det du har i kjøleskapet før du handlar ny mat. Er det måndag med restar frå helga som passar best? Eller torsdag før du skal handle til helga? Restar kan også bli til gode lunsjar, eller eit spennande tillegg i matpakka.

Slapp salat blir som ny etter eit isbad, og blaute tomatar kan du til dømes bruke i ein tomatsaus.

## GLASEMBALLASJE

Glasemballasje er emballasje av glas som det har vore mat, drikke eller andre hushaldsvarer i. Glasemballasjen er klar for sortering når den er tom for restar. Produkt som kan knusast, som glas, steintøy, porselen og keramikk, skal ikkje sorterast saman med glasemballasjen. Desse har ei anna samansetning og kan øydelegge for gjenvinninga av glasemballasjen. Produkt av glas, porselen og keramikk som er øydelagt, skal kastast i rest-avfallet. Brukbare produkt kan du gi bort eller selje.

## GLASEMBALLASJE ER YPPARLEG TIL GJENBRUK

Du kan til dømes bruke desse til å ta vare på mat som krydder, matrestar, heimelaga syltetøy eller sausar, eller til å fryse ned mat og matrestar. Du kan også bruke det til praktisk oppbevaring, til dømes for å samle gamle batteri, ekstra knappar eller til blyantar på pulten.

## SLIK GJER DU DET

- Glasemballasjen skal vere tom før sortering. Den er såleis klar for dette når den er tom for restar. Tøm ut rester og skylje emballasjen i kaldt vatn. Om restane er vanskelige å få ut kan du la emballasjen stå i vasken i kaldt vatn eller vatn frå oppvasken. Du kan også bruke litt tørkepapir.
- Rist emballasjen tørr.
- Sorter og legg laust i behaldar/container.



## METALLEMBALLASJE

Metallemballasje er all emballasje i metall, unntatt drikkeboksar med pant. Emballasjen må vere tom når den skal sorterast.

Produkt som er laga av metall, til dømes gryter, knivar og tørkestativ, leverer du til nærmaste gjenvinningsstasjon. Metallemballasje som har innehalde farlege stoff, leverast som farleg avfall. Sjå etter faremerke på emballasjen.

## SLIK GJER DU DET

- Metallemballasjen er klar for sortering når den er tom for restar. Tøm ut restar og skylje emballasjen i kaldt vatn. Om restane er vanskelige å få ut kan du la emballasjen stå i vasken i kaldt vatn, eller vatn frå oppvasken. Du kan også bruke litt tørkepapir for å få bort restar.
- Rist emballasjen tørr.
- Sorter og legg laust i behaldar/container.

## DRIKKEKARTONG

Drikkekartongar er kartongar som har innehalde mat, drikke og hygieneprodukt, som har belegg på innsida av plast og/eller aluminium.

Du kan delta i Returkartonglotteriet med alle typar drikkekartongar. Skriv namn og telefonnummer på kartongen når du sorterer den for å delta. Både enkeltkartongar og kubbar er med i trekninga av pengepremien. Fire gangar i året blir det trekt ut ein gevinst på 100 000 kr, og 30 gevinstar på 10 000 kr.

### SLIK GJER DU DET

Korkane kan sitte på når du sorterer. Drikkekartongar blir sendt til eit eige gjenvinningsanlegg der korkar og plast-/aluminiumsbelegg blir skilt ut.

- Opne kartongen frå toppen og hell siste skvett i mjølkeglaset.
- Skyl kartongen
- Rist den drypptørr eller sett den opp ned ei lita stund
- Brett kartongen. Skriv namn og telefonnummer på kartongen
- Sorter

## BATTERI

Batteri er alt frå småbatteri i klokker til vanlege batteri du brukar heime og i store nødstraumsbatteri. Samle brukte batteri i eit syltetøyglas, ein isboks eller ein annan behaldar. Lever inn batteria regelmessig, slik at du unngår å samle opp store mengder med batteri, som kan utgjere ei brannfare.

Du kan levere batteri gratis til alle SUM sine gjenvinningsstasjonar, uavhengig av merke eller storleik. Batteri som feilaktig blir kasta i restavfall er ein brannrisiko – både i avfallsbehaldaren, under transport og på gjenvinningsanlegget.

## SLIK GJER DU DET

- Teip polane på batteria før du leverer dei inn. Det er ofte litt restenergi i batteria, og då unngår du at dei utgjer ei brannfare.
- Ta med batteria og lever gratis til butikken når du handlar (eller når du skal til gjenvinningsstasjonen).
- Lever inn!

## KVA GJER EG MED MILJØSKADELEGE BATTERI?

Levere desse batteria på SUM sine gjenvinningsstasjonar som farleg avfall, eller på ein butikk som sel same type batteri. Batteri som inneheld kadmium (Cd), kvikksølv (Hg) eller bly (Pb) er miljøskadelege batteri. Desse er merka med eit eller fleire av desse merka:



### KVA GJER EG MED BLYBATTERI?

Lever desse batteria på ein butikk som sel same type blybatteri, eller til nærmaste gjenvinningsstasjon som farleg avfall. Blybatteri er blant anna startbatteri i bilar- og båtar.

### KVA GJER EG OM BATTERIA ER SKADD?

Det er anbefalt å levere desse til gjenvinningsstasjonen. Der har dei best kompetanse på trygg handtering av skadde batteri.

## LYSPÆRER OG LYSRØYR

Lyspærer og lysrøyr er alle slags lyspærer og lysrøyr, også LED-pærer/ sparepærer.

- Ha ein fast plass eller ein behaldar der du samlar oppbrukte lyspærer og lysrøyr.
- Ta dei med og lever gratis til butikken når du handlar, eller til nærmaste gjenvinningsstasjon. Sparepærer og lysrøyr kan innehalde kvikksølv, og blir rekna som farleg avfall.

### KVA TYPE LYSPÆRER OG LYSRØYR ER FARLEG AVFALL?

Lyspærer som inneheld kvikksølv er rekna som farleg avfall, som sparepærer og lysrøyr. Dersom du er usikker på om pæra du har er definert som farleg avfall, ver på den sikre sida, og lever den til gjenvinningsstasjon som farleg avfall.

### KVIFOR BLIR DET BRUKT KVIKKSØLV I NOKRE SPAREPÆRER OG LYSRØYR?

Bruk av kvikksølv gir lågare straumforbruk og forlenga levetid til lyspæra.

## HAGEAVFALL

Hageavfall er alt biologisk nedbrytbart avfall som oppstår i og rundt hagen. Dette er til dømes gras/ugras, lauv, hageplantar, greiner og kvist.

Vanlege hageplanter som ikkje utgjer ein trussel i hagen, kan skade det biologiske mangfaldet om det kjem ut i naturen.

## SLIK GJER DU DET

- Hageplantar kan vere skadelege for det norske økosystemet og det er difor forbod mot å dumpe hageavfall i naturen.
- Framande artar skal pakkast i tette avfallssekkar, og leverast for seg på gjenvinningsstasjonen.
- Lever hageavfall til nærmaste gjenvinningsstasjon.
- Om du har tilgang til ei kompostkvern får du plass til meir når hageavfallet skal leverast.

## TREVIRKE

Trevirke er ubehandla/reint trevirke og behandla trevirke (malt, limt eller lakka). Impregnert trevirke leverer du som farleg avfall. Viss treverket er i god stand, kan det brukast til mindre byggeprosjekt, reparasjonar og vedlikehald.

**Til dømes: Eplekassar, fuglehus og verktøykassar.**

Impregnert trevirke blir rekna som farleg avfall. Impregnert trevirke skal ikkje brukast som ved eller brennast, då det avgjer miljøfarlege stoff og aska er særs giftig.

### KVA MED SKRUAR OG SPIKAR?

Skruar og spikar som sit i trevirket, kan vere der når du leverer. Ta gjerne bort, eller hamre ned dei som stikk mykje ut, for å unngå skadar.

### KVA MED IMPREGNERT TREVIRKE?

Impregnert trevirke sorterast som farleg avfall, og ikkje saman med anna trevirke.  Ta med impregnert trevirke til nærmaste gjenvinningsstasjon som tek imot farleg avfall og lever i høve til skiltinga på stasjonen.

**SUNNFJORD MILJØVERK IKS**
Kloppstadvegen 310
6815 Førde

www.sum.sf.no

VOOKAL - vookal.no



Sunnfjord Miljøverk IKS